

Årsmelding Økonomigruppa 2024

Økonomigruppa har i 2023 vore samansett slik:

- ✓ Bjørn Gunnar Ansnes, leiar
- ✓ Mali Skjeremo Brøndbo, medlem
- ✓ Ola Ansnes, medlem

Økonomigruppa har hatt tre møter. Elles har vi bruka litt Messenger gruppa vår for å fordele oppgåver og utveksle informasjon.

Økonomigruppa si verksemd:

Sidan det ikkje har vore fotballkampar på Bordholmen i 2024, så har det ikkje vore open kiosk.

Økonomigruppa har stått som ansvarleg for eitt lotteri i 2024, før og under Todalsdagen. Inntekta vart på i underkant av 30.000. Økonomigruppa hadde også planlagt digital basar i starten av november, men da Trimgruppa utvida salsperioden for sin adventskalender med over to veker, så måtte Økonomigruppa avlyse basaren. Idrettslaget kan ikkje ha to lotteri gåande samtidig.

Gruppa var med og arrangerte «Operapub» i ungdomshuset i samband med Stangvikfestivalen torsdag 25. juli.

Økonomigruppa har elles delteke i fleire søknadsprosessar om økonomisk støtte saman med leiaren i idrettslaget. Gruppa har også vore involvert i arbeidet med å lage økonomihandbok, organisasjonsplan og fullmaktsmatrise for Todalen Idrettslag.

Økonomigruppa vil til slutt understreke at det er viktig at gruppene først og fremst driv med den aktiviteten dei etter gjeldande organisasjonsplan er ansvarleg for, og ikkje driv/tek over aktivitetar som ligg under ansvarsområdet til andre grupper.

Økonomigruppa takkar alle samarbeidspartnarar og alle andre for samarbeidet i 2024.

Todalen 08.02.2025

Bjørn Gunnar Ansnes
leiar